



SAKSDOKUMENT

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
9/15	Komit� for drift	03.02.2015

Uttale til h ringa – "Endring i introduksjonslova for  kt kvalitet og betre gjennomf ring av introduksjonsprogrammet."

Samandrag av saka:

Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet har sendt p  h ring tre forslag til endringar i introduksjonslova og tilh rande forskrifter:

- Rett til permisjon fr  introduksjonsprogrammet ved overgang til arbeid eller utdanning
- Kommunane skal ta initiativ til   setje i gong oppl ring i norsk og samfunnskunnskap
- Ein m  dokumentere kunnskapar om samfunnet for   f  fritak fr  oppl ring i samfunnskunnskap

Endringane er ei oppf lging av regjeringsplattforma og regjeringa si m lsetting om   styrke spr koppl ringa for kvinner og gje fleire moglegheiter til   delta i arbeidslivet.

Innstilling:

Fjell kommune gjev slik uttale til endringar i introduksjonslova og tilh rande forskrifter:

1. Fjell kommune stiller seg bak forslaget om innf ring av rett til permisjon fr  introduksjonsprogrammet slik det g r fram av h ringsdokumentet.
2. I endringsforslaget st r det under punkt 2 at: «*Kommunen skal ta initiativ til   sette i gang oppl ring i norsk og samfunnskunnskap.*» Fjell kommune meiner at den ordninga vi har i dag – der personen m  s kje om   delta p  oppl ringa fungerer godt, og kan ikkje sj  at den f resl tte endringa tener form let.
3. Fjell kommune er samd i at det er b de rett og rimeleg at ein m  dokumentere kunnskap om samfunnet i tillegg til norsk kunnskapar. Ein b r pr vast b de munnleg og skriftleg p  minimum A2 niv . Dokumentasjonsgrunnlag kan vere «best tt» p  pr ven. Deltakarar som ikkje f lgjer 50 timars-kurset ved ein oppl ringsstad, kan tileigna seg kunnskapane via nettet, f r han eller ho meldar seg opp til pr ven.

Straume, den 16.01.2015

Steinar Nesse
R dmann

Wilhelm Anglevik
Skulesjef

Handsama i Komité for drift - 03.02.2015:

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Komité for drift - 03.02.2015:

Fjell kommune gjev slik uttale til endringar i introduksjonslova og tilhøyrande forskrifter:

1. Fjell kommune stiller seg bak forslaget om innføring av rett til permisjon frå introduksjonsprogrammet slik det går fram av høyringsdokumentet.
2. I endringsforslaget står det under punkt 2 at: «*Kommunen skal ta initiativ til å sette i gang opplæring i norsk og samfunnskunnskap.*» Fjell kommune meiner at den ordninga vi har i dag – der personen må søkje om å delta på opplæringa fungerer godt, og kan ikkje sjå at den føreslåtte endringa tener formålet.
3. Fjell kommune er samd i at det er både rett og rimeleg at ein må dokumentere kunnskap om samfunnet i tillegg til norskkunnskapar. Ein bør prøvast både munnleg og skriftleg på minimum A2 nivå. Dokumentasjonsgrunnlag kan vere «bestått» på prøven. Deltakarar som ikkje følgjer 50 timars-kurset ved ein opplæringsstad, kan tileigna seg kunnskapane via nettet, før han eller ho meldar seg opp til prøven.

Dokument vedlagt saka:

- Link til høyringsnotat om endringar i introduksjonslova:
<https://www.regjeringen.no/contentassets/9db98fbdcd56409198e5c384d7b8fcdb/horingsnotat.pdf>
- Link til «*Lov om introduksjonsordning og norskopplæring for nyankomme innvandrere*» - introduksjonslova:
<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2003-07-04-80>
- Link til informasjon om introduksjonsordninga:
<http://www.imdi.no/no/Introduksjonsordningen/>

Saksopplysningar:

Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet har sendt på høyring tre forslag til endringar i introduksjonslova og tilhøyrande forskrifter:

- 1 Rett til permisjon frå introduksjonsprogrammet ved overgang til arbeid eller utdanning
- 2 Kommunane skal ta initiativ til å setje i gong opplæring i norsk og samfunnskunnskap
- 3 Ein må dokumentere kunnskapar om samfunnet for å få fritak frå opplæring i samfunnskunnskap

Dei føreslåtte endringane er ei oppfølging av regjeringsplattforma og regjeringa si målsetting om å styrke språkopplæringa for kvinner og å gje fleire moglegheiter til å delta i arbeidslivet.

- 1) Rett til permisjon frå introduksjonsprogrammet ved overgang til arbeid eller utdanning:

Målet med introduksjonsprogrammet er å gje den enkelte grunnleggjande ferdigheiter i norsk, grunnleggjande innsikt i norsk samfunnsliv, og å førebu for arbeid eller utdanning.

Målgruppa er personar mellom 18 og 55 år som:

- Har fått asyl og derfor har status som flyktningar
- Er overføringsflyktningar
- Har fått opphald på humanitært grunnlag
- Har rett til familiesamanføring
- Personar som etter samlivsbrot har fått opphald på sjølvstendig grunnlag

Dei som er i målgruppa for ordninga og som har behov for grunnleggjande kvalifisering har **rett og plikt** til å delta i introduksjonsprogrammet. Programmet er individuelt tilpassa og kvalifiseringa skal være på fulltid. Deltaking i programmet utløyser derfor rett til introduksjonsstønad. Grunnskulekompetanse/basiskompetanse og delar av vidaregåande opplæring kan saman med andre kvalifiserande tiltak, inngå som innhald i introduksjonsprogrammet.

Det er ynskjeleg at innvandrara så raskt som mogleg tek til med utdanning eller kjem i ordinært arbeid, slik at dei blir økonomisk sjølvstendige. Målsettinga med introduksjonsordninga er å hjelpe innvandrara som er nye i landet, til raskt og effektivt å komme i arbeid eller utdanning slik at dei kan forsørgje seg sjølv. Men mange treng arbeidstrening før dei kan eller våger å gå ut i ordinært arbeid. For nokre kan arbeidstreninga vise at dei treng meir opplæring, og det vil derfor vere avgjerande at ein kan søkje permisjon frå programmet, slik at det er mogleg å venda tilbake om kunnskapane ikkje er gode nok for å klare arbeidsoppgåvene. Likeins må det for den som vil ta utdanning, vera mogleg å gå tilbake til introduksjonsprogrammet om det visar seg at basiskunnskapane ikkje strekk til for at personen skal kunne følgje den aktuelle utdanninga. Departementet foreslår no å endre introduksjonslova, slik at deltakarane får rett til permisjon frå programmet. Endringa vil gjere det tryggare for innvandrara å søkja arbeid eller utdanning på eit tidleg tidspunkt. Dei vil få rett til å gå tilbake til støtteordninga (introduksjonsprogrammet), om dei ikkje klarar seg på eiga hand.

2) Kommunane skal ta initiativ til å setje i gong opplæring i norsk og samfunnskunnskap:

Målet for opplæringa i norsk og samfunnskunnskap er at deltakarane skal kunne nå eit nivå i høve ferdigheiter i faga, som set dei i stand til å bruke eller byggje vidare på sin kompetanse i utdanning, arbeid og samfunnsliv elles. I tillegg skal opplæringa beskrive og forklare viktige trekk ved samfunnet og informere om rettar, pliktar og sentrale verdiar.

For ordninga gjeld:

- Innvandrara mellom 16 og 55 år har rett og plikt til 600 timar opplæring i norsk og samfunnskunnskap, dersom dei har opphaldsløyve som gjev grunnlag for permanent opphald.
- Familiesamanføring med desse og familiesamanføring med norske/nordiske borgarar.
- Innvandrara over 55 år som høyrer til ei av dei nemnde gruppene har rett til opplæring i norsk og samfunnsfag, men ikkje plikt.
- Arbeidsinnvandrara frå land utanfor EØS-/EFTA-området har plikt til å delta i 300 timar med opplæring i norsk og samfunnskunnskap.

Deltakarane set sjølv fram krav om/søkjer om opplæring i faga, sjølv om han/ho ikkje bare har rett, men også plikt til å delta. Opplæringa er gratis i inntil tre år. Kommunen der den enkelte bur har plikt til å tilby opplæring både i norsk og samfunnskunnskap i totalt fem år. Opplæringa omfattar 550 timar norskopplæring og 50 timar samfunnskunnskap på eit språk som deltakaren forstår. Kommunane får tilskot frå staten til opplæringa.

3) Ein må dokumentere kunnskapar om samfunnet for å få fritak frå opplæring i samfunnskunnskap:

Rett og plikt til deltaking i opplæring i 600 timar norsk og samfunnskunnskap etter introduksjonslova, gjeld ikkje dersom den enkelte kan dokumentere at han/ho har tilstrekkelege kunnskapar i norsk eller samisk. Både **deltakarar med rett og plikt** og **deltakarar som berre har plikt** til opplæring, kan søkje fritak frå opplæringa. Ved fritak frå plikt til opplæring - bortfallerplikten både til å følgje undervisning i norsk, og plikt til å delta i 50 timar samfunnskunnskap. Kommunen kan i vedtaket om fritak frå plikt, vedta at **retten til opplæring** bortfaller.

Vurdering:

Rådmannen kjem med følgjande framlegg til høyringsuttale:

1. Fjell kommune stiller seg bak forslaget om innføring av rett til permisjon frå introduksjonsprogrammet slik det går fram av høyringsdokumentet.
2. I endringsforslaget står det under punkt 2 at: «*Kommunen skal ta initiativ til å sette i gang opplæring i norsk og samfunnskunnskap.*» Fjell kommune meiner at den ordninga vi har i dag – der personen må søkje om å delta på opplæringa fungerer godt, og kan ikkje sjå at den føreslåtte endringa tener formålet.
3. Fjell kommune er samd i at det er både rett og rimeleg at ein må dokumentere kunnskap om samfunnet i tillegg til norskkunnskapar. Ein bør prøvast både munnleg og skriftleg på minimum A2 nivå. Dokumentasjonsgrunnlag kan vere «bestått» på prøven. Deltakarar som ikkje følgjer 50 timars-kurset ved ein opplæringsstad, kan tileigna seg kunnskapane via nettet, før han eller ho meldar seg opp til prøven.